

Bruk stemmeretten din!

KYRKJEVARDEN

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL

47. årgang

Faust 2015

Nr. 3





DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST

Marit Slettum
tlf. 61 12 13 22 / 913 93 314
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no



ORGANIST

Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



DIAKON

Marianne Konow
tlf. 958 42 571
E-post: diakon@etnedal.kyrkja.no



SAKSBEHANDLAR

Linda Mæhlum Robøle
tlf. 957 64 900
E-post: l.robole@etnedal.kyrkja.no



KYRKJETENAR

Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12
952 74 090

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD

Maria Kompen, leiar
tlf. 909 78 963
E-post: mholbe@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD

Wenche Hillestad Møller, leiar
tlf. 941 66 323
E-post: [wenче.hillestad.moller@nord-aurdal.kommune.no](mailto:wенче.hillestad.moller@nord-aurdal.kommune.no)



ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Asmund Wold, leiar
tlf. 908 60 650
E-post: as.wold@online.no

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Faste medarb.: Ingun Kompen og Tone Steinset

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet:

9 Lat kjærleiken vera ekte! Avsky det vonde og hald dykk til det gode! 10 Elsk kvarandre med inderleg syskenkjærleik; set dei andre høgare enn dykk sjølve! 11 Ver ikkje lunka, men ivrige. Ver brennande i Anden, ten Herren! 12 Ver glade i vona, tolmodige i motgangen, uthaldande i bøna. 13 Ver med og hjelpe dei heilage som lid naud, og legg vinn på å vera gjestfrie. 14 Velsign dei som forfølgjer dykk, velsign og forbann ikkje. 15 Gled dykk med dei glade og gråt med dei som gråt. 16 Ha ei og same haldninga dykk imellom, trakt ikkje etter det høge, men hald dykk gjerne til det låge. Ver ikkje sjølvkloke! 17 Løn ikkje vondt med vondt; ha tanke for det som er godt for alle menneske. 18 Gjer alt de kan for å halda fred med alle menneske, så langt det er mogleg. 19 Ta ikkje hemn, mine kjære, men overlat vreiden til Gud. For det står skrive: Hemnen hører meg til, eg skal gjengjelda, seier Herren. 20 Men:

Er fienden din svolten, så lat han få mat, er han tørst, så gjev han drikke. Gjer du det, samlar du glødande kol på hovudet hans.

21 Lat ikkje det vonde få vinna over deg, men vinn over det vonde med det gode!

Romarbrevet 12, 9-21

Familiegudstenester

Utdeling av 4-årsbøker og konfirmantpresentasjon:

Bruflat kyrkje, 27. september kl. 11
Nord-Etnedal, 11. oktober kl. 11

Forsidebildet : Frå valet 2011

Frå venstre : Marianne Surtevju Byfuglien,
Kari Mette Bakken og Gerd Byfuglien
Foto : Marit Slettum

Kyrkjevarden

Har du gløymt å betale Kyrkjevarden i år ?
Vi er heilt avhengige av friviljuge gåver for å drive bladet.

Vil du vere med på spleiselaget?

Bankgiro : 2140 20 14188
(Bankgironr. hadde diverse falle ut i føre KV.)

Redaksjonen

Kjære etnedøler!

Livet og kvardagen vart annleis enn eg hadde tenkt denne sommaren. 9. juni vart eg akutt innlagt på Gjøvik sjukehus, og seks dagar seinare fekk eg ei kreftdiagnose.

Eg er takksam til helsepersonellet både lokalt og på Gjøvik for måten eg vart take imot på. Med stor omsorg har dei fylgt meg dei neste stega via erkjenning, prøvetaking, CT og MR. Tidleg i prosessen vart det bestemt at eg skal opererast på Radiumhospitalet, og der var eg til førbuande samtale midt i juli.

Nett no er eg i ventemodus, men trass i alt har eg hatt ein eineståande fin sommar med rolege, gode dagar og mykje kvile.

Gode venner har vore der for meg, og eg er takksam til alle som på ulike måter har synt meg omsorg.

Eg er optimistisk og ved godt mot, og legane har gjeve meg ei god prognose.

Eg ser fram til operasjonen, etterpå treng eg tid til å kome meg att. Det store spenningsmomentet blir om eg må ha oppfylgjande cellegiftbehandling.

Det er difor vanskeleg å seie når eg er attende i tenesta mi, men eg vonar – om ikkje så altfor lang tid!

I denne tida har eg funne fornys tryggleik i ei god, gamal salmestrofe :

«Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer»

Med ynskje om ei fin hausttid, med alminnelege, gode kvardagar!

Marit prest

Kirkevalget 2015

Ved kirkevalget 2015 skal det velges sokneråd og leke medlemmer til bispedømmerådet.

Valget finner sted 13. og 14. september 2015

i Etnedalshallen for begge sokn:

Søndag 13.9.15 kl. 13.00 – kl. 18.00

Mandag 14.9.15 kl. 09.00 – kl. 18.00

*Forhåndsstemming kan utføres på
kirkekontoret for begge sokn:*

*Tirsdager og torsdager kl. 10.00 til kl. 14.00 i perio-
den 10. august til 11. september 2015.*

Alle som er oppført i medlemsregisteret til Den norske kirke og har stemmerett, vil motta valgkort og nærmere informasjon i løpet av uke 32.

Den som er medlem og eventuelt ikke mottar valgkort må ta kontakt med kirkekontoret.

Stemmerett har alle som er medlemmer av Den norske kirke og er over 15 år, eller som fyller 15 år i 2015



Ola Breien, Ragnhild Fagernæs og Liv Stenbekk ved soknerådsvalget i 2011.

Presentasjon av kandidatene til Nord-Etnedal sokneråd

1. Kvifor sa du ja til å stå på soknerådslista?
2. Kva saker ser du for deg å prioritere dersom du blir vald inn i soknerådet?

Anne Marie Solbrekken

1. Jeg er blitt spurta om å stå på lista til soknerådsvalg tidligere, men har sagt nei på grunn av jobbsituasjonen, og mye å gjøre hjemme. Jeg mener vi har en plikt til å yte noe tilbake når vi er medlemmer i Den norske kirka.

2. Har ingen spesielle saker jeg brenner for, tenker å være med og hjelpe til hvis jeg blir innvalgt.



**Steinar Stenseth**

1. Jeg har alltid hatt glede av å delta i lag og foreninger i lokalsamfunnet. Når jeg nå ble spurta om å stille som kandidat i Nord-Etnedal sokneråd, så følte jeg det var min tur til å bidra der!
2. Jeg har ikke noen spesielle saker, men ønsker å hjelpe til for fortsatt å ha en fin og hyggelig kirke.

**Kari Skogstad**

1. Jeg liker å gjøre en innsats for nærmiljøet, og tror soknerådsarbeidet kan være interessant. Jeg ønsker at både store og små skal ha et positivt forhold til den fine kirka vår.

**Oddveig Bergsbakken**

1. Sa ja til å stå på lista fordi jeg synes det er alright å gjøre en innsats for kirka .
2. Har ikke noe spesielle prioriteringer .

**Tony Kvernmo**

1. Jeg er interessert i det som skjer i lokalsamfunnet vårt, og ønsker å bidra til å skape mer aktivitet - også i kirka.

Jorunn Bergsbakken

1. Jeg sa ja til å stille som listekandidat fordi jeg kan ta en tørn.
2. Konfirmanter og kyrkje/kirkjegård.

**Astrid Tollehaug**

1. Eg tenkte, er det alt min tur att! Det er eit dagnadsarbeid eg meiner alle bør gjera ein innsats for. Kyrkja er viktig i våres -, og i dei komande generasjonar. Dei fleste av oss ynskjer at kyrkja er open for oss både i glede og sorg!
2. Dei som har vore i soknerådet har gjort ein kjempejobb, så det må bli og ta vare på det arbeidet som er satt igang.

**Klara Månum**

1. Eg har svara ja til å stå på lista fordi eg har stor respekt og beundring for vår "Marit prest"
2. Dersom eg blir innvalgt i soknerådet, er dette nytt for meg. Eg er positiv til arbeidsoppåvene vi får og har alt å lære!!

**Aud Norun Hagaseth Lie**

1. Eg sa ja til å stå på lista fordi vi alle må ta vår "tørn".
2. Fyrst og fremst må eg bli kjent med det arbeidet soknerådet gjer, og ellers så får eg delta etter beste evne.



Diakonens spalte



Avskjedshilsen

Etter to år som diakon i Etnedal må jeg nå dessverre takke nei til fornøy engasjement-ikke fordi jeg mistrives, men fordi prosjektet vi har på gården vår i Søndre Land krever mer av min tid og mitt engasjement.

Det har vært trivelig å bli kjent med dere i Etnedal og jeg takker for godt samarbeid med enkeltpersoner og diverse etater jeg har hatt kontakt med.

Mange har jeg blitt kjent med, og dere har fått en plass i mitt hjerte.

Jeg vil bringe gode minner og vennskap med meg videre.

Takk for det dere har delt med meg og for at jeg har fått være en medvandrer et stykke på veien.

Jeg har engasjement ett år om gangen og dette går ut 31. august- så jeg jobber til da.

Dere er velkommen innom gården vår på Grannum i Fluberg når det måtte passe.

Med ønske om en flott høst!

Hilsen Marianne-diakon

Ikkje betre

Kven er seg sjølv
og ikkje den han møter?

Kven er betre enn havet
som tek let av himmelen
av skyene og strendene,
havet som skifter straumar
etter lendet i djupet
som fjørar eller flør
etter som månen sviv?

Kven er seg sjølv
Når han møter ein annan?

Johan Tufteland

SOLIDARITET

Den første sa: Det høver dårlig nettopp no
Den andre sa: Eg har så mye personleg trøbbel
Den tredje sa: Eg har kone og barn å ta omsyn til
Den fjerde sa: Eg kan koma til å miste jobben
Den femte sa: Eg kunne for min del bruke alle desseinnvendingane. Men eg forstår kor viktig det er. Difor må eg ta det på meg

Arnljot Eggen

«Mi salme»

«Fagert er landet» vart valget mitt
då eg skulle finne mi salme. Tekst
Anders Hovden.

Eg vaks opp i etterkrigstida og
nasjonalkjensla var sterkt i barn-
domsheimen min, krigen sat enno
friskt i minne. Far min sang mykje
i kvardegen og han lærde meg fyr-
ste og siste verset av denne salma
før eg tok til på skulen.

Han forklarde kva dei vanske-
lege orda betydde, slik at eg skulle
forstå kva eg song.

Han var nøyne på at me skulle
seta pris på å bu i eit fritt, godt og
vakkert land.

Kvar gong eg høyrer denne
salma, minnes eg orda hans og eg
tenkjer at teksten høver like godt
i dag.

Då kastar eg ballen over til dot-
ter mi, Kari B. Byfuglien, så kan
ho skrive om si salme neste gong.

Fagert er landet

Fagert er landet du oss gav,
Herrre vår Gud og vår Fader,
fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader.
Signar vårt land i nord og sud,
såleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.

Likjest vårt folk i mager jord
skjelvande blomen på bœn,
stend utan livd i vind frå nord
tett inn med kanten av snøen.
Herre, du ser med miskunn ned,
folket vårt gjev du livd og fred,
er oss så kjærleg ein fader.

Her ned i grunnen sveitten rann
trufast åt fedrane våre.
Her dei sin heim og hugnad fann,
dogga med smil og med tåre.
Her hev det flødt ei såkornflod,
varm av vårt beste hjarteblod,
her hev med grorbotn å veksa.

Tidi ho renn som elv mot os,
fort skifter sumar med vetter,
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter.
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flu,
lær oss å gå dine vegar.

Signa då Gud vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møda,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøda.
Gud, utan deg den vesle urt,
veiknar og visnar, bleiknar burt.
Ver du oss ljoset og livet.

*Med venleg helsing
Elbjørg Bergsbakken*



Pilegrimar – på vandring mot heilage stadar

Når sommaren kjem, dreg moderne pilegrimar ut på pilegrimsferd, ofte nordover i retning Trondheim og Nidarosdomen. Pilegrimsvandringane har teke seg kraftig opp dei seinaste åra. Dei gamle pilegrimsvegane er på nytt i bruk. St.Olavsvegane til Trondheim er eit nettverk av historiske vegar gjennom vakkert, variert landskap. Korte og lengre strekningar blir rydda og tekne i bruk att.

Nær Eysteinkyrkja på Dovrefjell er det bygd eit



*Frå vår lokale vandring -
frå Kyrkjesletta til Nord-Etnedal kyrkje*

pilegrimssenter med fleire tilbod. Skuleklasser, lag og trussamfunn kan få informasjon og hjelp til vandringsplan og ymse opplegg, som foredrag og gudssteneste.

I våre dagar er det nok dei færreste som går heilt til Trondheim, men dei kan ha ei lokal kyrkje eller ein annan vigsla stad som mål. Men på Olavsdagane i år kom det fleire hundre pilegrimar til Trondheim, mange av dei frå andre land.

Ettersom Noreg vart kristna i tida rundt år 1000, var jo dette ein katolsk tradisjon, men gjennom tida

har det vorte ei tverrkyrkjeleg rørsle. Pilegrimsvandring skil seg frå andre vandringar ved at ein er på veg til ein heilag stad. For katolikkane er dei viktigaste valfartsstadene gjerne der det har skjedd openberinger eller under, til dømes i Lourdes i Frankrike. I 1858 fekk ei ung jente ei openberring på denne staden. Sidan har mange sjuke fått lækjedom der som ikkje kan forklarast medisinsk. Pilegrimar valfartar dit i store mengder, og no er det bygd ei underjordisk



*Frå pilegrimsvegen i Valdres, der det heilage målet
er St. Thomaskyrkja på Filefjell*

kyrkje der, som har plass til 30000 personar.

Santiago de Compostela er eit anna viktig mål for pilegrimar, og ikkje minst Jerusalem, som vel er det mest heilage og mest besøkte pilegrimsmålet for kristne, attåt Betlehem og Roma, der apostelen Peter vart gravlagt. Lindisfarne på vestkysten av England er også viktig pilegrimsål i den keltiske tradisjonen.

Diakonen vår, Marianne, skreiv om si vandring til Lindisfarne i Kyrkjevarden i fjor haust.

Det måtte vere ei stor oppleving. Ikkje dumt å finne fram bladet og lese det om att!

Selje kloster har også vore eit pilegrimsål, men først og fremst har Nidaros vore målet.

Frå heile Norden og frå lengre ute i Europa strøymde pilegrimane nordover til Nidaros.

Ordet pilegrim er latin og tyder framand eller utanlandske, så det er et godt valgt ord.

Fråsegn gjekk om at sjuke vart lækte og blinde fekk synet att ved grava i Kristkyrkja, der Olav Haraldson vart gravlagd.

Etter at han med hard framferd hadde innført kristendommen i Noreg, fall han i slaget ved Stiklestad 29. juli i 1030. Han fekk snart tilnamnet Den heilage, etter kvart som fråsegn gjekk om mirakel ved Olavsskrinet, der relikviane hans låg. Ein kunne også gå botsgang dit for å få ettergitt syndene sine, om dei var aldri så grove.

Sigrid Undset skriv i sine mellomalderromanar fleire gongar om ferder til Nidaros. Ulvhild, veslesyster til Kristin, fekk ei tømmervelte over seg, og foreldra bar det skadde barnet frå Jørundgard i Sel til Nidaros. To gonger gjekk Kristin botsgang dit berrfött, og den fyrste gongen bar ho med seg den fyrstefødte sonen sin. Ho ville med denne botsgangen tukte det strie og sjølvrådige sinnet sitt, så det kunne fange ein etterglans av det himmelske lyset.

Sjølv om kristendommen etter kvart slo rot, var trua på underjordiske, tussar og vetter sterkt.

Desse kunne kaste trolldom over ein, og prestane kunne gje føle skildringar om skjærsliden og helvete. Det var om å gjere å samle fromme handlingar og gå botsgang til Nidaros eller andre heilage stader. Kongar og adelege kunne få andre til å gå botsgang for seg mot eit vederlag!

Inna kristendomen er det berre i katolsk og ortodoks tradisjon at relikviedyrkinga har hatt ein plass. Hos protestantar har det ikkje vore plass til tilbeding av levningar og ting etter såkalla heilage menneske.

Dei fleste pilegrimane la i veg til fots på stier og trakk, men mange kom også i båtar på elver og sjøar. Både i gamal og nyare tid var det ei lengting etter å kome til heilage stader. Nærare Gud kunne ein ikkje kome.

I mine heimtrakter traska pilegrimane gjennom dei milevide granskogane i konvall- og ballblomeenger østover over Rokoberget til Vadstena i Sverige, der den heilage Birgitta låg gravlagt. Det er funne steinar i grensetraktene med ei mengd innhogde kors.

Rart å tenkje på at dei vandra gjennom ei stillare verd enn moderne pilegrimar gjer. Berre vindsuset i tretoppane, fuglesongen, rislingen av bekkar og lyden av husdyr. Og etter kvart som trua på Kvite Krist fekk feste, lyden av kyrkjeklokker!

Tone Steinset



Birgitta av Vadstena

KOR VART DET TÅ DEI

*Møte med Asta Karin Kampen
i samtale med Tone Steinset*

Eg hugsar ei blid jente på Etnedal sentralskule, som det heitte den tida. Namnet var Asta Karin Skogli, og ho vart født på Hov sjukehus i august 1954.

Foreldra var Magnhild og Kristian Skogli. Den unge Kristian drog til Ustaoset på snikkararbeid. Der møtte han Magnhild Storebø frå Huftarøy, som arbeidde der som hushjel.

Det oppstod sot musikk, og Magnhild vart med Kristian til Etnedal. Det vart giftarmål og etter kvart fire døtre, Kari, Elsa, Odny og Asta Karin.

Etter endt skulegang hadde Asta Karin mange jobbar. Mellom anna passa ho ungane til Aslaug og Knut Fossen Helle, og der fekk ho prøve seg på sølvsmedkunsten.

Seinare var ho ansatt på systogo på Knausen, og seinare på Stormark konfeksjonsfabrikk på Dokka, der ho var med på å sy uniformer til Garden. Etter kvar gifta ho seg og fekk barna Tone (1974) og Arve (1977).



*Asta Karin Kampen saman med barnebarnet sitt
Erland Voldhaug Andersen*



Barnebarna Lina Voldhaug og Øystein Voldhaug Roland (bak) Anette Voldhaug, Ingrid Voldhaug Roland og Mali Voldhaug Roland (foran)

Tone er sjukepleiar. Ho er sambuar med Stian Roland, og dei har fire barn. Arve er verkmeister på karosseriverkstaden på Valdres Bil. Han er sambuar med Sissel Bergsbakken og har tre barn, det siste nyss født..

Etter skilsmissen fortsette Asta Karin å bu i Etnedal nokre år, før ho i 1984 gifta seg med Trygve Kampen i Skrautvål.

Dei fekk sonen Torbjørn i 1985. Han har Tourettes syndrom, men har nytte av medisinering og steller seg sjøl i eige husvære på Fagernes.

Asta Karin fekk tre gamle å ta seg av då ho vart gardkjerring, mor, onkel og syskenbarn til mannen hennar. Dei var sju til bords med små og store. Dei gamle vart etter kvart sjuke og pleietrengande, men Asta Karin understrekar at alle var gode og snille menneske. Om sommaren var svigermor hennar med på stolen, der Asta Karin hadde med seg ungar og krøter. Vi skifte aldri eit vondt ord, seier Asta Karin.

Då ho var femti år, bestemte Asta Karin seg for å lære meir om bunadsøm. Då hadde dei sluttat med krøter i 1997. Ho gjekk på voksenopplæring på Opus på Leira for å få med seg teorien som mangla. Etter avslutta eksamen såg ho klart vegen vidare.

Ferier og avspasering vart brukt til å hospitere på Bunad-og folkedraktrådet, (nå Norsk institutt for bunad – og folkedrakt). Fordjuping i registrering av gammalt draktmateriale og stingteknikkar tok ho samtidig med deltidstudium i Drakt og samfunn,(drakt – og – tekstilhistorie). I 2007 tok ho svennebrev som bunadtilverkar med Bestått: Meg get godt.

Ho fekk si eiga systove, som på godt Valdresmål heiter systogo. Denne har ho gitt namnet «Stasplagget». Ho ligg i gåavstand frå garden. Frå vindauge i systova gler syerska seg over eit utsyn som rekk heilt inn i Jotunheimen.

Ho har heile tida meir enn nok å gjera med å sy bunader til store og små av begge kjønn, dei aller fleste med røter i Valdres.

Dei sju barnebarna er heldige som har ei bestemor som kler dei opp i finstas!

Rutastakken blir tilverka av ymse slag rutestoff som har opphav frå bygder i Valdres. Felles for rutastakken og andre rekonstruerte bunader er at det er så mange val når det gjeld stoff, farger og alt som hører til, til dømes luer, forklede, sjal og skjerf.

Attåt arbeidet på systova er Asta Karin no i ferd med å rekonstruere ein bunad i samarbeid med Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Bunaden blir kalla skjarteliv, og har bakgrunn i folkedrakta som var i bruk i Sør – Aurdal, Nord – Aurdal og Etnedal rundt 1800 – talet.

Med så mange arbeidsoppgåver attåt ei stor familie, skulle ein tru at ho hadde nok å fare med, men ho og Trygve driv og på med å samla opplysningar i regi av Skrautvål historielag om stølslivet i Skrautvål opp gjennom tida. Tidlegare journalist i avis Valdres har planar om å skrive bok om emnet.

Trygve og Arve har eit interessant prosjekt på gang som eg har lyst til å nemne. Ein flokk afrikanske boer-geiter gjer sitt for å hindre attgrøing. Dei et alt frå brisk til brennesle, og er mindre «gardharde» enn den norske geita. Dette er ammedyr, og killingane blir til mør, smakfullt kjøt.

Om morgonen 17.mai i fjor gledde eit av barnebarna mine seg til å kle seg i ny finstas, og det var rutastakk frå systova hennar Asta Karin.

Tone Steinset



Systogo hennar Asta Karin i Gøflebakkvegen i Skrautvål

BIBEL-KVISS



1. Bygginga av Nidarosdomen tok til i 1070. Kor lang tid tok bygginga?
2. Kva heiter ei kjent kyrkje som står i Tromsdalen?
3. Kva for ein frivillig organisasjon eig mange av stavkyrkjene i Noreg?
4. På Gran står dei to Søsterkirkene, men kva heiter dei eigentleg?
5. Kvifor blir dei kalla Søsterkirkene?
6. Ei norsk domkyrkje har ei kanonkule på ytterveggen over inngangsdøra. Kva for ei?
7. Kor mange kyrkjeklokker er det i tårnet i Bruflat kyrkje?
8. Når vart Nord-Etnedal kyrkje teken i bruk?
9. Når startar kyrkjeartet

9. Fyrste sundag i advent.
8. I 1186.
7. Fri.
6. Bergeren domkirke.
5. Saghaugen serier at to syste var unnere og bygde kvar si kyrkje, men alderen er så ulik at det berre er eit saghn.
4. Nikolaikirken og Mariakirken.
3. Fortidsminneforeningene.
2. Isavaskatredalen.
1. Om lag 230 år – fredige omkring 1300.

SVAR:

Ti vegar til meinung i livet

1. Finn eit verdig formål.
2. Skap rom for refleksjon.
3. Prioriter det som er viktig for deg.
4. Møt menneske og lat deg berøre.
5. Bli kjent med dine evner og utnytt dei.
6. Gjer noko godt for nokon.
7. Oppsøk kunsten og lat deg inspirere.
8. Oppsøk naturen og lat deg påvirke.
9. Søk kjelder til meinung og verdiar for retning.
10. Var trygg på at akkurat du gjer ein forskjell.

ØNSKEDIKTET

Jeg fant et dikt av Halldis Morren Vesaas, som jeg synes er veldig fint. Det har som undertittel «tre vers til mor», men jeg synes det kan være til noen hver, og til litt ettertanke også.



Å VÆRE I LIVET
(tre vers til mor)
Dette : å være i livet
open for alt ikring
bunden med sterke røter
til menneske og til ting.
Gi både hjarte og hender
i omsorg som aldri svik,
var det som gav meinung til ferda di
og let deg få kjenne deg rik.
Og den som er rik vil ha seg
eit hus som er såleis bygt
at alle som hører til huset
kjener det godt og trygt,
og såleis at framande gjerne
kjem innom dørene der
og aukar den rikdom som finst der før
med alt det dei sjølve er.

Fattig var du om du aldri
i livet kjenne fekk
at mellom deg og dei andre
levande straumar gjekk
av tillit og varme som styrkte
kvar band som til livet deg batt
og lar deg få kjenne, når alt blir gjort opp
at meir enn du gav, fekk du att.

Jeg utfordrer en medmusikant og venninne, Bjørg Hagelund, til å komme med sitt ønskedikt.

Åse Marit Sogn

Kvifor klær presten seg slik?

Den kvite prestedrakta som prestane i Den norske kyrkja brukar under gudstenestene, har tradisjon attende til dei fyrste kristne. Den blir kalla alba, som betyr kvit. Kvitt er symbol på det reine. Bakgrunnen er at i oldkyrkja vart alle nydøypte iført ei kvit kappe som symbol på at i dåpen blir vi gjort reine.

Kvitt er også Kristus-farga. Under gudstenesta minner presten i den kvite drakta om at det vi fekk i dåpen, er noko vi treng heile livet. Over albaen har presten ein stola. Det er eit breidt band som heng ned frå nakken. Stolaen skal symbolisere åket eller byrden som er lagt på skuldrane til presten. Presten si oppgåve er å bera kyrkjelyden fram for Gud i bøn. Samtidig skal stolaen minne om at presten er ein som alltid er der for oss.

Når det er nattverd, har presten også ein messehakel. Ordet kjem av eit gammelnorsk ord som tyder kappe. Den blir ofte kalla Jesu Kristi drakt. Gjennom presten si teneste skal kyrkjelyden møte Jesus.

Messehakelen har ofte eit kors på ryggstykket. Både stolaen og messehakelen har ulike fargar, liturgiske fargar etter kva tid det er i kyrkjeåret.

Dei svarte draktene som prestane brukte i Noreg brukte før, samarie med pipekrage, var eigentleg ein embets-uniform som ikkje hadde nokon funksjon i gudstenesten.

Ingun Kompen



Marit prest i sin alba, med fiolett stola, som blir brukt i advents- og fastetida, på bots-og bededag og ved grayferder.



Organist Serhiy Bykov og kona Yulianna Bykova med sin fiolin hadde to lunsjkonsertar i Bruflat kyrkje i juli. Ganske mange fann vegen til kyrkja og fekk ei stille, fin føremiddagsstund til vakre tonar frå musikarane våre desse dagane.

Foto : Ingun Kompen

FUGLER I BIBELEN OG I KRISTEN TRADISJON:

RAVN

Tekst: og foto Trond Øigarden



Første gang ravn nevnes i Bibelen er i 1 Mos 8,7; Noah sender en ravn av ut arken, som flyr omkring til vannet er tørket bort fra jorden.

I 1 Kong 17, 2-6 leser vi om Elia; ravnene kommer med mat til ham når han gjemmer seg i ødemarken.

Tre skriftsteder handler om at Gud sørger både for dyrene og oss mennesker. Job 39,3: Hvem sørger for føde til ravnens når dens unger skriker til Gud. Sal 147,9: Herren gir føde til dyrene, til ravnunger som skriker. Luk 12,24: Se på ravnene! De sår ikke og høster ikke, de har verken matbod eller låve, men Gud gir dem føde likevel. Hvor mye mer verd er ikke dere enn fuglene!

Disse tre skriftstedene er nok noe av bakgrunnen for en legende der ravnemoren forlater ungene sine fordi hun ikke tror de er sine, de er hvite mens hun er svart. Ravnefaren må ta seg av ungene, men når ungene er blitt store og svarte vil ravnemoren ha dem tilbake. En embetsmann som går forbi blir bedt om å dømme i denne konflikten, og han mener at ravnefaren skal ha ungene siden det er han som har strevd med å fø dem opp. Men legenden konkluderer samtidig med at ravnefaren ikke hadde klart å fø opp ungene sine hvis han ikke hadde fått hjelp fra det høye.

Det finnes også flere myter og legender om at ravnens en gang var hvit. Den mest kjente har handling fra da Jesus var liten. Han og lekekameratene badet i bekken, det syntes noen ravnner som holdt til der ble for mye bråk. Ravnene ville derfor skitne til vannet for Jesus og de andre barna. De fløy ned til bekken ovenfor der barna badet, der slo de med vingene og skrapte med klørne til vannet var kullsvart av mudder. Selv om det svarte vannet rant ned til barna, var de skinnende rene da de steg opp. Ravnene fløy oppover bekken og vasket seg i rent vann, for de var blitt svarte over hele fjærdrakten. Men samme hvor mye de vasket og skrubbet, ble de bare svartere og svartere. Siden den gang har ravnene vært svart som kull.

Ravn i Valdres

Ravnens er vanlig hekkefugl i Valdres, den hekker i fjellvegger eller i høye trær. Den bruker gjerne samme reiret mange år på rad. Ravnens er standfugl, den er her hele året. Den tilhører kråkefamilien, der vi i Valdres også kan finne skjære, nøtteskrike, lavs-

Hjørnet hass Jan:

Han Jan kan vere ein skikkeleg ertekrok, og dei han kjenner godt kan rett som det er bli råka av slagferdige replikkar.

I ei lunsjpause på «Lageret» (Utestabens kvilerom) fann fylgjande samtale stad:



- Du Jan, er det ikkje slik at forbrytarar og småkriminelle i tidlegare tider vart gravlagt utanfor kyrkjegardsmuren?

- Jan: Jo, men det treng ikkje du gå og ottast for. Kyrkja har sluttat med det for ganske lenge sidan

krike, kaie og kråke. Ravnens er den største av kråkefuglene, den har et vingespenn på over en meter og kroppslengde på 65 cm. Ravnens kan bli svært gammel, eldste norske ringmerkede fugl er notert til 23 år og 3 måneder. Selv om ravnens ses nede i dalene, så er den først og fremst en fjellfugl. Ravnens hekker tidlig, og kan dermed utnytte den ressurstilgangen som yngletida til andre fugler og småvilt gir. Ellers er ravnens en god åtseleter, som raskt oppsporer døde fugler og dyr. Ravnens er en dyktig flyger, i kurtisetida gjør ravnparet akrobatiske øvelser høyt til himmels. Lokalnavnet i Valdres er korp, med variantene korp og kårp.

Litteratur:

- Gaarder, G., Larsen, B.H., Høitomt, G., Opheim, J., Kasenborg, I.G. & Roang, J.K. 1997. Fugler i Oppland. Norsk Ornitologisk Forening, avdeling Oppland.
- Eckhoff, J.W. 1992. Da smilte Vårherre. IKO-forlaget.
- Johnstad, G. 1987. Ord i Bibelen. Det Norske Bibelselskap.
- Wærenskjold, L. 1947. Når dyrene taler. Jørg Engnæs Forlag, Oslo
- Wærenskjold, L. 1966. Barnets legender. Antropos.
- Aars, I. (red.) 1976. Tidsskrift for Valdres historielag, årbok 1976, hovedemne: fuglar.

Informasjon fra Etnedal kyrkjelege fellesråd

Bruflat bårehus

I 2014 ble deler av Bruflat bårehus oppgradert. Det var et sårt tiltrengt tiltak, og er blitt meget vellykket. Vi har fått universelt utformet toalett og et oppgradert arbeidsrom for vår ansatt. Det gjenstår å pusse opp bårerommet, og det håper vi å løse i løpet av høsten/ vinteren 2015. Vi er meget fornøyd med arbeidet som er gjort og det har blitt et særdeles pent overbygg ved toalettene. I sommer blir bårehuset tjærebeiset, og det skal skiftes vindskier på østsiden.



Vanning på kirkegårdene

Vanningsanleggene på kirkegårdene ble satt i stand og startet for sommersesongen slutten av mai i Nord-Etnedal og midten juni på Bruflat (her må vi vente til elva har slik vannstand at vi kan få koblet på vannet). Det er stadig behov for vedlikehold på anlegget, og det utføres av vår kirketjener. Vi er kjente med at en kran på Bruflat har vært ute av funksjon over lengre tid, men dette jobber vi med å få i stand. Vi har ikke foretatt vanning på kirkegårdene i 2015, vi har vurdert det slik at det ikke har vært behov. Vanning med spredere på kirkegårdene vil vi hovedsak utføre for å ivareta gresset. Det bes om forståelse for at vi ikke kan sørge for at alle graver blir vannet tilstrekkelig ved varmt vær, det må festere følge opp selv.



Festeavgifter i 2015:

Etnedal kyrkjelege fellesråd har sendt ut fakturaer på festeavgifter med forfall i 2015.

Har dere spørsmål, ta kontakt.

Nedenfor følger informasjon om kirkelige avgifter og feste av grav:

Festeavgifter (priser per år)
Festeavgift, vedtatt av Etnedal kommunestyre sak 106/12 den 15.11.2012

Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 0- 40 år kr. 100,-

Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 40 – 60 år kr. 200,-

Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 60 – 80 år kr. 400,-

Festeperioden er satt til 10 år.

I henhold til gravferdslovens § 14, kan kirkelig fellesråd inngå avtale om feste av grav. Det følger av samme bestemmelsen at det for feste av grav kan kreves avgift.

Ordinære åpningstider på kirkekontoret:

Mandag, tirsdag, torsdag og fredag kl. 09.00 – kl. 15.00.

(Vi er få i staben, så ved møter og annen virksomhet kan kontoret være stengt. Da er det mulig at ta kontakt med servicetorget i kommunen som har informasjon om når kontoret åpner igjen).

Vi oppfordrer alle til å ta kontakt med oss hvis dere har spørsmål, og/eller det er noe vi kan hjelpe dere med. Vi tar i mot alle henvendelser, og vil gjerne snakke med dere.

Kom innom, ring oss på 61121320, send oss en e-post på: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no eller et brev til Etnedal kyrkjelege fellesråd, Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal.



Etnedal kommune

- Minst og best -

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no

Drømme-konsert og drømme-stipend

Kulturskulen i Etnedal hadde vårkonsert med mange flinke unge talent. Aurora Rotnes toppa likevel arrangementet då ho fekk tildelt Drømmestipendet på 10 000 kr for song, gjeve i samarbeid mellom Norsk Tipping og Norsk Kulturseskoleråd.

Folkesongar
Aurora er kjent som ein flink songar som seier ja til å dele talentet sitt med alle som spør. Ho er 18 år, og har vore storforbrukar av kulturskuletilboda i kommunen. Gjennom 13 år ramsa ho opp at attåt song heile tida, har ho også vore innom teater, torader, piano og klarinett! For tre år sidan fekk ho Bente Hemsing som lærar i kulturskulen, og då fall ho fort for sjangeren folkesong/tradisjonssong.

10 000 kr i stipend
Finn Helge Lyster representerte Norsk kulturseskoleråd, og overrekte Aurora sjekken på 10 000 kroner - som mange hadde søkt på. I søknaden sin hadde Aurora lagt vekt på at ho ynskte å kunne lære meir innan folkesong av kapasiteter som mellom andre Marit Karlberg og Ingebjørg Bratland.

Ordførar Toril Grønbrekke gratulerte med blomar, og kulturskulerektor Bente Hemsing helsa med takk for at Aurora alltid var blid og sa JA til å synge offentleg!

Lærarane vart takka
Etter mottaking av stipendet takka Aurora mellom anna med å be alle

lærarane ho har hatt i kulturskulen gjennom åra, opp på scena. Slik fekk dei ein takk for sin del i utviklinga gjennom åra – fram til drømmestipendet.

Musikk-studium
- Eg er genuint glad og interessert i musikk og instrument, seier ei blid Aurora, som kom til Etnedal saman med familien som femåring. No har ho søkt musikk-studium på Høgskulen i Volga. Etter tre år der kan ho undervise i musikk i skule og kulturskule.

Proff vår-konsert
Konserten var ei fest-reise i musikkens verden, men også med utstillinger av bilet, foto og trearbeid. Det skulle ikkje forundre om dette aller fyrste drømmestipendet til Etnedal blir fleire med åra, for her det er mange i køa.

Inntryngar
"Serhiy den heldige" var populær, særleg blant dei yngste. Han dukka opp fleire gonger som ein viking med avgrensa sans og kunniskap om musikk, og meinte blant anna

at trommestikker ikkje kunne duge for å drepa dyr! Sjølv kom han inn med ein diger planke til det bruket. Han gjorde elles stor lykke med musikkinstrumenta han fekk prøve seg på utover kvelden.

Full sal
Det var ikkje mange tomme stolar i salen, der stolte foreldre, besteforeldre og sysken vert imponerte over kvaliteten. Bente Hemsing leidde programmet som gjekk som smurt med korte, gode innslag, høflig takk for all applaus og raske sceneskift. Mat var å få kjøpt i pausen, og etterpå vart det meir musikk, lysbilete, film og ikkje minst flinke karar som tok seg av alt det tekniske som er så viktig.

Ingun Kompen



Lærar-takk: Aurora Rotnes takka alle lærarane ho hadde hatt gjennom 13 år i kulturskulen i Etnedal, med song heile tida - og attåt det vore innom både teater og mange instrument. Frå venstre ser vi Bjørn Magne Nyhagen, Ronald Rasmussen, Tone Steinset, Helga Bjørnødegård, Hege Bergmann Rotnes, Aurora Garnes Rotnes, Bente Hemsing, Daniel Storengen, Serhiy Bykov og Arne Nygård



Skulekoret under leiing av Bente Hemsing

 Etnedal
kommune - Minst og best -

Etnedalshelg på Valdres folkemuseum




Midtsommarstemning var det med på Etnedalssundagen på museet 5. juli. Publikum sat under grøne bjørker medan dansen gjekk og Flatigardsbygningen var som i formetider med folk både ute og inne.




Kokkedamene i Flatögardsbygningen : Anne Lise Grønbekk, Anna Kompen og Astrid Klevgård

Honing & Rigabalsam er det alltid triveleg å lytte til, frå venstre Ingebjørg Storsveen, Tone Steinset, Anne Marit Stensæter og Ragnhild Fagernæs

Trekkspelklubben underholdt ; her representert ved Geir Otto Pettersen, Lars Stenseth og Magne Hagaseth. Til høgre for dei sit Daniel Brändle, som var prestevikar i Valdres denne sommaren og hadde ansvaret for gudstenesta i Slidrehuset tidlegare på dagen.

Kulturkontoret og friviljuge er ansvarlege for Etnedalshelga på muséet.

Nasjonalforeningen, Etnedal helselag sørga for busstransport for pensjonistar.

Både busstransport og inngangspengar vart sponsa av midlar frå TV – aksjonen, Nasjonalforeningen for folkehelsen.

Konfirmantar i Bruflat kyrkje 7. juni 2015



Bak : Simen Lyckander Espelien, Håvard Ødegård, Ole Kristian Sveen, Jens Johannes Kolstad,
Midtre rekke: Marit prest, Linn Therese Konstad, Thea Isabel Konstad, Synne Solbrekken, Oda Solbrekken
Foran : Jostein Saglien Bråten, Guro Haugen, Hanne Elisabeth Bergene, Håkon Gunbjørnsen

Konfirmantar i Nord- Etnedal kyrkje 14. juni 2015



Foran : Øystein Erlingson Rehaug, Marius Gjeile Fauske
Bak : Alexander Skogtjærn Lundstein, Vegard Hagaseth Lie og Marit prest

Fotograf : Knut Kampehaug

Støtt ankesaka til familien Daqiq

Borgarting Lagmannsrett
6. – 8. oktober 2015

Kontonr. 2140.03.75485

Foreldra Salem og Gita og eldste son, Sonil, flykta fra Afghanistan til Iran i 1999 fordi Salem nekta å samarbeide med Taliban. Han er ingenør, har militær utdanning, og har vore offiser i Den afganske hæren. Taliban la sterkt press på ham for å få ham i si teneste.

Yngste son, Sahel, er fødd i Iran. Mor og barn kom til Noreg i desember 2010, faren i mars 2011. Salem tok til å interessere seg for kristendommen under oppholdet i Iran. Sonil og Sahel fatta på sjølvstendig grunnlag interesse for kristen tru etter at dei kom til Noreg.

Våren og sommaren 2013 gjekk alle fire gjennom eit undervisningsopplegg om sentrale tema i den kristne tru her hos oss, samstundes som dei tok aktivt del i forskjellige kyrkjelege aktivitetar. Mange av dykk kjenner dei, og endå fleire har helsa på dei, positive som dei var både i kyrkjefellesskapet og elles i bygda.

Alle fire vart døypte i Bruflat kyrkje september 2013, og har sidan vore aktive i kristne kyrkjelydar der dei har budd.

UNE har gjeve familien Daqiq avslag på søknaden om opphold i Noreg, trass i at det er høgst utrygt å bli deportert til Afghanistan, ikke minst fordi familien er kristne, og opne om si tru.

Saka deira vart prøvd i Oslo tingrett i august 2014, men UNE opprettheldt avslaget om opphold.

Vi har løpende kontakt med familien Daqiq, og sidan dei er døypte her i vår kyrkje, kjenner vi på eit særlig ansvar for å hjelpe dei.

I samråd med støttegruppen for Afghanere i Norge ved Kari Sverdrup og advokat Jostein Løken har familien Daqiq anka domen i Tingretten inn for Borgarting Lagmannsrett.

Dei har ein engasjert, god advokat, så det er godt håp om å vinne fram.

Ankesaka vil koste kr. 80.000,- Kr. 30.000,- er allereide samla inn, og vi skal klare å samle inn resten.

Eg vonar de vil støtte familien Daqiq, så dei får moglegheit til å prøve saken for retten att, og ikke blir deportert. Bruk kontonummeret over.

SLEKTERS GANG

DØYPTE



Bruflat kyrkje

Theodor Fauske Byfuglien

12. juli

VIGDE



Bruflat kyrkje

Irene Nipseth Kleven og Bjørnar Skuggevik 4. juli

DØDE



Bruflat kyrkje

Osvald Byfuglien

Jordfest

14. juli

Arvid Nysveen

15. juli

Owe Lunde

11. august



Familien Daqiq var døypt i Bruflat kyrkje september 2013



**Søndag 6. september –
Inga gudsteneste i Etnedal.**

Laurdag 12. september

- kl. 12.00 Kyrkjesletta, Dalen.
Kyrkjevandring for konfirmantar og andre

Søndag 13. september

Preiketekst : Matt. 5, 10-12

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Misjonsgudsteneste. Regionleder Ann Helen Aaslund fra Normisjon deltek.
Takkoffer til Normisjon.
Kyrkjekaffepå Menighetshuset

Søndag 20. september

Preiketekst : Luk. 7, 11-17

- kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
50 års – konfirmantjubileum.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 27. september

Preiketekst : Matt. 8, 5-13

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Familiegudsteneste
Utdeling av kyrkjebok for 4-åringar
Takkoffer til Eldorado
50-års - konfirmantjubileum

Søndag 4. oktober – Inga gudsteneste i Etnedal

Søndag 11. oktober

Preiketekst : Mark 10, 2-9

- kl. 11.00 N. Etnedal kyrkje.
Familiegudsteneste.
Utdeling av 4-årsbok
Takkoffer til IKO

Søndag 18. oktober

Preiketekst : Luk. 16, 19-23

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Takkoffer til TV - aksjonen

Søndag 25. oktober – Bots – og bededag

Preiketekst : Luk. 18, 9-14

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje
Takkoffer til Stefanusstiftelsen

Søndag 1. november – Alle helgens dag

Preiketekst : Matt. 5, 13-16

- kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.
kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

Søndag 8. november

Preiketekst : Kol. 1, 24-29

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Sjømannskirkens dag.
Gudsteneste med nattverd
Takkoffer til Den norske sjømannskirken

Søndag 15. november

Preiketekst : Matt. 14, 22-34

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 22. november –

Inga gudsteneste i Etnedal

Søndag 29. november – 1. søndag i adventstiden

Preiketekst : Matt. 21, 10-17

- kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Lysmesse med julespel.
Julegrantenning
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge.

Søndag 6. desember – 2. søndag i adventstiden

Preiketekst : Joh. 16, 21-24

- kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Lys vaken-gudsteneste.
Nattverd
Takkoffer til Juniorgjengen

Søndag 13. desember – Inga gudsteneste

Med etterhald om evt. endringar.

*Gudstenestene blir kunngjort
kvar torsdag i avisas «Valdres»*